



CONTEENNEW

ims

Konfirmasjon i regi av Indremisjonssamskipnaden - ConTeenNew

Indremisjonssamskipnaden har motteke fleire behov om konfirmasjonsundervisning og etter grønt lys på IMS sitt årsmøte i sommar og vedtak i styret er det med stor glede me no kan tilby konfirmasjonsundervisning og konfirmasjon i IMS for dei som ynskjer det.

ConTeenNew – tre i én

ConTeenNew blir uttala som engelsk *continue* og tyder *fortsetjing* på norsk. Med det signaliserer ein at konfirmantane byggjer vidare på **grunnmuren** frå oppveksten i heim og forsamling. Tenåringane får erfare at Guds ord er levande og virkekräftig. Dei blir betre kjent med og glad i **Jesus**, og får vissheit i at Guds nåde blir gitt på ny og på ny.

Undervisning og turer

Det blir samlingar på Leirvik for at reiseveg skal være enklast for flest mogleg i **Sunnhordland**. Det vert undervisning, matøkt og sosialt samvær. Undervisninga er lagt opp i bolkar med ulike tema kvar **fyrste onsdag** i månaden. Det blir i tillegg to kjekke weekendar. Ein oppstartsweekend tidleg på hausten og ein på nyåret.

Info og påmelding:
www.conteennew.no

Infomøte:
08. mars 2017

Påmeldingsfrist:
26. mai 2017

Oppstart:
06. sept 2017

Konfirmasjon:
21. april 2018

Kostnad:
1500,-

Bibelen i kvardagen

Som eit synleg teikn på støtte og velsigning oppmodar me konfirmantanes lokale forsamling / foreining om å gje dei ein **bibel** til bruk både i konfirmasjonstida og i livet med **Jesus** etterpå.

Engasjement

Konfirmantane vil få oppgåver med å **engasjere** seg i si lokale forsamling / foreining, der dei kan få oppgåver som hjelpeleiarar på ulikt vis. I tillegg vil dei og få vera med som leiarar på **leir** i regi av IMS.

Misjonstur – med store opplevingar

Det vert og vurdert tilbod om ein **misjonstur**. Kostnaden for denne vil kome i tillegg, men me vil arbeide for at kostnaden blir fornuftig. Turen vert truleg lagt til vinterferien. Destinasjon er ikkje bestemt, men me ser på spanande destinasjonar der ungdommane kan få **opplevingar** som set spor hos dei sjølve og hos menneskja dei møter.



Stor tru på dei unge

Det er med stor **forventning** og glede me går dette i møte! Me har stor **tru på** å la dei unge få veksa i og **opleva** dette som Paulus skreiv til Timoteus:

"Lat ingen sjå ned på deg fordi du er **ung**, men ver eit **førebilete** for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik." (1.Tim.4.12)